

Møteinnkalling

| | |
|------------------|---|
| Utval: | Hovudutval for opplæring og kompetanse |
| Møtestad: | video, fjernmøte |
| Dato: | 15.12.2020 |
| Tid: | 09:00 |

Program

Kl 09:00- Saksbehandling

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Melding om forfall:

Alle medlemmer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i hovudutval for opplæring og kompetanse. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Karianne A. Torvanger
utvalsleiar

Saksliste

| Utvals- saksnr | Innhald | Arkiv- saksnr | U.Off |
|-------------------|--|------------------|-------|
| GK 24/20 | Godkjenningssaker Godkjenning innkalling og sakliste | | |
| PS 75/20 | Politiske saker Lokal forskrift om inntak og formidling- andre justering av nærskulematrisa | 2020/12 | |

Godkjenningssaker

GK 24/20 Godkjenning innkalling og sakliste

Politiske saker

PS 75/20 Lokal forskrift om inntak og formidling- andre justering av nærskulematrisa

Saksnr: 2020/12-67
Saksbehandlar: Susan Kathinka Halvorsen
Husabø

Saksgang

| Utv. saksnr. | Møtedato |
|--|------------|
| Hovudutval for opplæring og kompetanse | 75/20 |
| | 15.12.2020 |

Lokal forskrift om inntak og formidling- andre justering av nærskulematrisa

Forslag vedtak

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok i møte 3.11.2020 (PS-sak 54/20) justeringar av nærskulematrisa, datert 12.10.2020. Nærskulematrisa blir justert med slike tillegg:

- Søkarar frå Samnanger kommune og Vaksdal kommune får nærskulepoeng også til Osterøy vgs
- Søkarar frå Samnanger kommune får nærskulepoeng også til Fusa vgs
- Søkarar frå Kvam herad får nærskulepoeng også til Fusa vgs
- Søkarar frå Kvinnherad kommune, postnummer 5636 Varaldsøy får nærskulepoeng også til Fusa vgs og Kvam vgs.
- Søkarar frå Modalen kommune får ikkje nærskulepoeng til Voss vgs eller Voss gymnas.
- Fylkesdirektøren får fullmakt til å foreta mindre justeringar der det kjem fram tydelege behov.

Ny nærskulematrise er datert 08.12.2020

Samandrag

Hovudutval for opplæring og kompetanse handsama behov for justeringar av nærskulematrisa i møte 3.11.2020 (PS-sak 54/2020). Etter 3.11. har det kome nye innspel til justeringar av nærskulematrisa. Offentleggjering av vedtaket i sak 54/2020 og fylkesdirektøren sine digitale rådgjevarmøte har ført til ytterlegare mindre justeringsbehov. Fylkesdirektøren sitt siste digitale rådgjevarmøte er 9.12. Fylkesdirektøren ber difor om administrativ fullmakt til foreta mindre justeringar i etterkant av møtet, der det kjem fram tydelege behov.

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør

Bekka Skaasheim
ass. fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hovudutval for opplæring og kompetanse handsama behov for justeringar av nærskulematrisa i møte 3.11.2020 (PS-sak 54/2020), med tillegg til saka. Desse justeringane var komne til fylkesdirektøren etter fylkestinget si handsaming av lokal forskrift om inntak og formidling (PS-107/2020)

Etter 3.11. har det kome nye innspel til justeringar av nærskulematrisa. Offentleggjering av vedtaket i sak 54/2020 og fylkesdirektøren sine digitale rådgjevarmøte har ført til ytterlegare mindre justeringsbehov.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget gav i handsaming av sak 107/2020 «Lokal forskrift om inntak og formidling» hovudutval for opplæring og kompetanse mynde til å vedtak justering av nærskulematrisa.

Vurderingar og verknader

Det har kome innspel om at søkarar frå kommunane Vaksdal og Samnanger også bør gå nærskulepoeng til Osterøy vgs. For nokre søkarar er Osterøy vgs næraste skulen, sjølv om søkartala syner få elevar dei siste åra.

I tillegg har det kome ønske frå Samnanger kommune om at søkarar frå kommunen også bør få nærskulepoeng til Fusa vgs, Os gymnas og Os vgs. Innspelet kom delvis på grunnlag av manglande kunnskap om retten til å søke alle skular dersom nærskulen/-ane ikkje har tilbodet, og er delvis grunngeve med reiseavstand. Etter fylkesdirektøren si presisering av retten til søking dersom nærskulen/-ane ikkje har tilbodet og vurdering av reiseavstand, er det fylkesdirektøren si vurdering at søkarane frå Samnanger bør få nærskulepoeng til Fusa vgs i tillegg til Osterøy vgs. Fylkesdirektøren tilrår ikkje at søkarane frå Samnanger får nærskulepoeng til Os gymnas eller OS vgs.

Det har også kome innspel på at for ein del søkarar frå Kvam herad vil Fusa vgs gi kortare avstand enn til tilbod ved Voss vgs. Fylkesdirektøren tilrår at nærskulematrisa vert endra slik at søkarar frå Kvam herad også bør få nærskulepoeng til Fusa vgs.

I sak 54/2020 vart det vedteke at søkarar frå Kvinnherad kommune, postnummer 5637 Ølve og 5635 Hatlestrand får nærskulepoeng også til Fusa vgs og Kvam vgs. Etter vedtaket har kommunen gjort fylkesdirektøren merksam på at postnummer 5636 Varaldsøy ikkje var teke med. Desse søkarane kjem i same situasjon som søkarane frå Ølve og Hatlestrand. Fylkesdirektøren tilrår at nærskulematrisa vert endra slik at Varaldsøy vert inkludert.

Modalen kommune har kome med innspel om at søkarar frå kommunen også bør få nærskulepoeng til skulane på Voss. Kommunen høyrer til nærskuleområde Nordhordland med skulane Austrheim vgs og Knarvik vgs. Knarvik vgs har eit breitt tilbod og for utdanningsprogram skulen ikkje har tilbod om, søker også elevane frå Modalen med nærskulepoeng til alle skulane i fylket. Inneverande år går tre elevar frå Modalen på vg1 på skule på Voss, alle på utdanningsprogram Nordhordland ikkje har tilbod om.

Fylkesdirektøren tilrår ikkje at søkarar Modalen får nærskulepoeng til Voss vgs eller Voss gymnas.

Fylkesdirektøren sitt siste digitale rådgjevarmøte er 9.12. Fylkesdirektøren ber difor om administrativ fullmakt til foreta mindre justeringar i etterkant av det møte, der det kjem fram tydelege behov.

Alle desse siste endringane må IST også programmere inn i Vigo før Vestland fylkeskommune opnar weben for søking 10.01.2021. For å ha tilstrekkeleg tid til å få informasjonen ut til søkarane tilrår fylkesdirektøren at innspel om justeringar som kjem etter 15.12.2020, ikkje vert handsama for skuleåret 2021/22. Det er høve til å legge nærskulepoeng manuelt ved behov.

Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at nærskulematrisa for Vestland fylkeskommune blir endra i tråd med tilrådinga.